

MØTEINNKALLING

Utval: Maritim og teknisk komite
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 26.04.2016
Tid: 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til politisk sekretariat om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 19.04.2016

Idar Tarberg
Leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 20/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 21/16	Protokoll frå førre møte.
PS 22/16	Delegerte saker
PS 23/16	Referatsaker
PS 24/16	Leine bustadfelt - støttemur og snuplass
PS 25/16	Revidering av handlingsprogram til trafikktryggingssplan 2016 - Utlekking av planprogram til offentleg ettersyn
PS 26/16	Heida vel - gnr 34, bnr 1 festnr 6 - søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel vedr oppføring av gapahuk i LNF-område
PS 27/16	Åge Karlsen - 40/78 - søknad om dispensasjon frå føresegnene til kommuneplanens arealdel vedr takutforming på naust
	Referatsaker
RS 1/16	Runde Miljøseinter informerer om taretråling
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 86/16	Gnr 5 m.fl - Frådeling av tomter til utbyggingsformål
DS 87/16	Gnr 76 Bnr 38 - Frådeling av eksisternade nausttomt
DS 88/16	Gudjon Ørn Emilson - 37/387 - garasjebygg
DS 89/16	Sigmund Aksnes - 56/61 og 106 - Garasjebygg
DS 90/16	Herøy kommune 83/18,19 Rammeløyve for oppføring av tilbygg og igangsetjing av grunn- og rivingsarbeid
DS 91/16	Vidar Knotten - 35/159 - Tilbygg
DS 92/16	Torvholmen, Flåvær - Kjartan Spidsberg - 64/4 - Rammeløyve gjenreising av 3 bygg
DS 93/16	Martin Bøe - 16/134 - Garasje
DS 94/16	Jostein Nærø - 24/88 - fasadeendring

DS 95/16	Ferdigattest 31/112
DS 96/16	Tove Ingebrigtsen og Øyvind Steinsvik Paulsen 36/121 - Mellombels bruksløyve
DS 97/16	Herøy kommune 34/84 - Løyve til oppføring av støttemur
DS 98/16	Geir Kleppe - 86/2 - Redskapsbod
DS 99/16	Marine Harvest Eggesbønes AS 38/285- Løyve til riving av tilbygg og etablering av parkeringsplass
DS 100/16	Westplast AS 25/47 - Igangsetjingsløyve for utlegging av betongflåte
DS 101/16	Redningsselskapet - 34/1 - Flytebrygge
DS 102/16	Herøy kommune 83/18,19 - Igangsetjingsløyve for oppføring av tilbygg til Leikanger skule
DS 103/16	Storneset grannelag 56/29 - Løyve til oppføring av gapahuk
DS 104/16	Per Ola Kleppe - 83/1 - Ombygging/fasadeendring
DS 105/16	Ferdigattest naust i rekke 54/71
DS 106/16	Ingmar Jøsokbakke 87/4 - Ferdigattest
DS 107/16	Lidvar Husøy - 46/82 - Støttemur og terrasse
DS 108/16	Elisabeth Gigernes - 27/79 - tilbygg
DS 109/16	Ferdigattest - 31/188 - heile prosjektet
DS 110/16	Terje Hungnes - 16/84 - Naust, kai og flytebrygge
DS 111/16	Ferdigattest rehabilitering skorstein - 37/146
DS 112/16	Jan Helge Langberg - 81/24 - Garasje
DS 113/16	Ferdigattest - tilbygg 50/13

Prenta skriv til orientering/drøfting:

PS 20/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 21/16 Protokoll frå førre møte.

PS 22/16 Delegererte saker

PS 23/16 Referatsaker



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2012/1842
		Arkiv:	Q14

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
24/16	Maritim og teknisk komite	26.04.2016
	Formannskapet	10.05.2016

LEINE BUSTADFELT - STØTTEMUR OG SNUPLASS

Tilråding:

1. Administrasjonen får i oppdrag å gjennomføre omregulering av vegen Leinebakkane slik at det kan etablerast snuplass som skildra i saksutgreiinga.
2. Kostnaden med forlenging av veg og bygging av snuplass vert å innarbeide i budsjett/økonomiplan for perioden 2017-2020.

Særutskrift:

Jon Arne Lillebø, Leinebakkane 32, 6094 Leinøy

Vedlegg

1. Oversiktskart
2. Utsnitt av reguleringsplan
3. F-sak 139/12 av 11.04.2012

Bakgrunn

Eigar av gnr. 26 bnr. 112, Jon-Arne Lillebø, ønskjer at kommunen opparbeider regulert kommunal veg forbi eigedomen hans og set opp støttemur mot eigedomen hans i samband med dette. Maritim og teknisk komite har etter synfaring på staden bede om ei orientering om saka.

Saksopplysningar

Første delutbygging av vegar og annan infrastruktur i Leine bustadfelt vart gjort i 2000-2001. Nordre del av bustadfeltet vart ikkje bygd ut m.a. med bakgrunn i vanskar med grunnerverv. I øvre del av bustadfeltet vart ikkje vegen (Leinebakkane) bygd til endes, men avslutta med ein mellombels snuplass ved gnr. 26 bnr. 112. Denne snuplassen er ikkje bygd/dimensjonert etter gjeldande reglar for liten lastebil som normalt er dimensjonerande for snuplassar i bustadfelt. Snuplassen er for liten. I samband med at kommunen seinare har gitt eigar av gnr. 26 bnr. 207 løyve til å etablere avkjørsle frå snuplassen har situasjonen vorte forverra. Dette medfører at køyrety som skal snu delvis brukar avkjørsla til gnr. 26 bnr. 112 som snuplass. Første del av eksisterande avkjørsle til gnr. 26 bnr. 112 ligg på kommunal grunn.

Etter at delutbygginga var avslutta har eigar av gnr. 26 bnr. 112 over fleire år klaga på at vegen ikkje er ferdigstilt forbi hans eigedom. Og då med støttemur mot hans eigedom. Restutbygging av nordre del av bustadfeltet har ikkje vorte prioritert.

Administrasjonen har fleire gongar over svært lang tid svart på spørsmåla frå eigar av gnr. 26 bnr. 112 vedkomande støttemur og snuplass både munnleg og skriftleg. Det vert vist til siste brev av 03.06.2013 frå kommunen til eigar. Viser også til vedlagt kopi av mail av 02.07.2015 frå eigar. Ein har imidlertid ikkje kunne gitt noko positiv tilbakemelding då tiltaket ikkje har vorte prioritert. Sist tiltaket var med i ei vurdering av prioritering mellom ulike prosjekt i kommunale bustadfelt var i F-sak 139/12 den 11.04.2012. Sjå vedlegg. Tiltaket med fullføring av den regulerte vegen inkludert snuplass i enden var då stipulert til 2,8 mill. kroner + kostnader til grunnerverv. Tiltaket vil berre utløyse ei ny bustadtomt, men fleire eksisterande eigedomar vil få betre avkjørsletilhøve.

Vurderingar

Eigar av gnr. 26 bnr. 112 meiner han har vorte lovd at kommunen skal bygge veg og støttemur langs eigedomen hans samt ny snuplass på kommunevegen slik at køyrety ikkje brukar hans avkjørsle for å snu. Det ein frå administrasjonen si side meiner har vorte sagt er at naudsynt støttemur og veg/ny snuplass vil verte bygd når dette vert gitt prioritet/løyving.

Behovet for å prioritere dette tiltaket har auka etter at naboeigedom til mellombels snuplass fikk løyve til avkjørsle frå snuplassen. Kostnaden med å opparbeide resterande del av den regulerte vegen Leinebakkane er imidlertid så høg at det kan vere utfordrande å få prioritet. Då spesielt i forhold til kost/nytte. Det vil heller ikkje vere særlege moglegheiter for innkrevjing av refusjon ved ei evt. utbygging då alle tomter, bortsett frå ei, alt er bebygde.

Eksisterande mellombelse snuplass er ikkje noko god løysing for framtida. Det er heilt klart behov for ein ny snuplass som tilfredsstillar behova for både brannbil og bossbil m.m. Ei mogleg løysing kan kanskje vere å gjennomføre ei omregulering der Leinebakkane vert avslutta med snuplass 40-50m nord for eksisterande mellombelse snuplass.

Eigar av gnr. 26 bnr. 112 ser føre seg ein rimeleg høg støttemur mot regulert veg for å få mest mogleg areal til parkering m.m. på sin eigedom. Det er imidlertid ikkje behov for ein

høg støttemur ved bygging av veg forbi eigedomen. Ein vurderer at ein støttemur med ei høgde på om lag ein meter mot gnr. 26 bnr. 112 vil vere tilstrekkeleg. Eigar av gnr. 26 bnr. 112 kan ikkje forvente at kommunen skal bygge ein støttemur som dekker andre behov enn det som trengst for å bygge vegen forbi eigedomen. Det er ikkje noko i vegen for at eigar av gnr. 26 bnr. 112 kan bygge støttemur i eigenregi før kommunen evt. bygg veg forbi eigedomen.

Konsekvensar for folkehelse: Ingen

Konsekvensar beredskap: Ingen

Konsekvensar for drift:

- Forlenging av vegen og bygging av rett dimensjonert snuplass vil forenkle drifta.
- Auka driftsutgifter, men dette er vanskeleg å talfeste.

Konklusjon

Med bakgrunn i saksutgreiinga ovanfor og etter ei samla vurdering vil rådmannen tilrå at:


1. Administrasjonen får i oppdrag å gjennomføre omregulering av vegen Leinebakkane slik at det kan etablerast snuplass som skildra i saksutgreiinga.
2. Kostnaden med forlenging av veg og bygging av snuplass vert å innarbeide i budsjett/økonomiplan for 2017-2020.

Fosnavåg, 23.03.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge




Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.

VEDLEGG 2



1:2000

11.11.2015



© Kartverket

Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.



HERØY KOMMUNE
Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2012/904
		Arkiv:	L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
139/12	Formannskapet	11.04.2012

**UTBYGGING/RESTUTBYGGING AV EKSISTERANDE KOMMUNALE
BUSTADOMRÅDE - PRIORITERINGAR M.M.**

Tilråding:

1. 4,1 mill. kroner av samla kostnadsramme på 4,25 mill. kroner i 2012-budsjettet vert avsett til opparbeiding av bustadfeltet Leine – skuletomta.
2. Resterande del, 150.000 kroner, vert nytta til omregulering og evt. grunnnervv innafor Frøystad bustadfelt.
3. Vidare utbygging vert å prioritere i samband med budsjett og økonomiplan med bakgrunn i reelle behov for tomter i dei ulike kommunale bustadfelta.
4. Administrasjonen får i oppdrag å utgreie og legge fram sak om kommunen si framtidige rolle ved planlegging, utbygging og drift av nye bustadfelt både i privat og kommunal regi.

Møtebehandling:

Anlegg- og driftsleiaren orienterte.

Det kom framlegg om slik endring i tilrådinga:

Pkt. i tilrådinga 2 vert stroke.

Rådmannen sitt framlegg med endring vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 11.04.2012

1. 4,1 mill. kroner av samla kostnadsramme på 4,25 mill. kroner i 2012-budsjettet vert avsett til opparbeiding av bustadfeltet Leine – skuletomta.
2. Vidare utbygging vert å prioritere i samband med budsjett og økonomiplan med bakgrunn i reelle behov for tomter i dei ulike kommunale bustadfelta.

3. Administrasjonen får i oppdrag å utgreie og legge fram sak om kommunen si framtidige rolle ved planlegging, utbygging og drift av nye bustadfelt både i privat og kommunal regi.

Særutskrift:

- Egedomsavdelinga, her
- Utviklingsavdelinga, her
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg

1. Kopi av notat frå rådmann til formannskapet datert 10.10.2011 vedk. opparbeiding av infrastruktur i bustadfeltet Bø-Arhaug m.fl.
2. Tabell med oversikt over kommunale bustadfelt, stipulerte utbyggingskostnader, status grunnverv, ledige/reserverte tomter og nye tomter v/utbygging.

Uprenta vedlegg:

- Oversiktskart og kartutsnitt over kommunale bustadfelt

Bakgrunn

I Formannskapsmøtet 08.11.2011 vart det lagt fram notat vedk. opparbeiding av infrastruktur i bustadfeltet Bø-Arhaug m.fl. I referatet vart det konkludert slik:

Rådmannen vil tilrå at administrasjonen får i oppdrag å utarbeide, og i eiga sak leggje fram, samla oversikt over resterande utbyggingar av eksisterande kommunalt regulerte bustadfelt der det m.a. vert gjort greie for:

- *Kalkulerte totale utbyggingskostnader inkl. evt. grunnverv*
- *Antal tomter som vert tilgjengelege ved utbygging*
- *Moglegheitene for sal av tomter i dei ulike felta etter utbygging*
- *Forslag til utbyggingstakt*
- *Evt. andre viktige moment*

Formannskapet sa seg samd i konklusjonen/vurderinga i notatet og at administrasjonen må få ei slik sak fram for å få samanheng mellom planlegging, økonomi, grunnkjøp og opparbeiding av kommunale bustadfelt.

Rådmannen legg med dette fram forslag til prioritering/bruk av løyvde midlar i 2012 budsjettet samt vidare prioritering av utbygging/restutbygging av eksisterande kommunale bustadområde.

Saksopplysningar

I budsjettet for 2012 er det avsett ei generell løyving på 4.250.000 kroner til utbygging av bustadområde. Finansiering: 1 mill. v/sal av tomter og 3,25 mill. ved låneopptak. Formannskapet har bede om å få denne saka framlagt før bruken av ovanstående løyving vert vedteken.

Saka reiser ei rekke viktige spørsmål, også prinsipielle, i tilknytning til utbygging av kommunale bustadfelt. I og med at svært mange byggefelt i dag er og vert planlagde og utbygde i privat regi reiser saka også spørsmål om kommunen si rolle ved vidare planlegging og etablering av bustadfelt.

I kommunen er det ei rekke eksisterande kommunalt regulerte bustadfelt som er berre delvis utbygde med naudsynt infrastruktur. I eit av desse felta, Bø/Arhaug, er det ikkje gjort noko opparbeiding. Ved vidare utbygging av infrastruktur i desse felta kan ein rimeleg fort få tilgang til eit rimeleg stort antal tomter. Vedlegg 2 gir m.a. oversikt over desse bustadfelta, stipulert kostnad ved full/resterande utbygging og antal nye tomter ved utbygging. Det vert presisert at kostnadene er stipulerte og evt. grunnverv/uføresett kjem i tillegg. I nokre område kan fleire tomter bli tilgjengelege ved fortetting. Det kan også i større grad leggst til rette for konsentrerte bustadar ved omregulering.

Utbygging av kommunalt regulerte bustadområde i privat regi av grunneigarar, entreprenørar eller byggefirma kan kanskje vere eit alternativ. Dette må imidlertid vurderast nøye i forhold til m.a. lov om offentlege innkjøp og evt. bindast opp i utbyggingsavtalar. Vidare må ein då også avklare om dette prinsipielt sett er ønskjeleg. Ved evt. vidare utbygging der ein bygg vidare på tidlegare kommunalt opparbeidd infrastruktur bør kanskje private utbyggarar bidra økonomisk til det som tidlegare er utbygd.

Private utbyggarar har dei seinare åra i større grad regulert eigne bustadfelt med sikte på privat utbygging i sentrale/sentrumsnære område i kommunen. Det største private bustadfeltet i denne samanheng er Myklebuståsen med om lag 200 planlagde bueiningar. I tillegg er det regulert ei rekke mindre private bustadfelt. Dersom ein summerer alle tomter i regulerte bustadfelt i kommunen pr. i dag og legg til frådelte enkelttomter det kan byggast på er det snakk om kanskje 7-800 tomter. Det som imidlertid er, og blir ei stor utfordring framover er finansiering av utbyggingskostnadene for å få byggeklare tomter. Marknaden for sal av tomter er ikkje stor då auken i bustadmassen ligg på 40-60 bustadar pr. år.

Vurderingar:

Regulering av nye bustadområde tek tid og er kostbart. Slik rådmannen ser det er det såleis viktig å utnytte tomtereserven som ligg i eksisterande regulerte kommunale bustadområde. Sentrumsnære tomter er mest etterspurte og ved rett prising og fokus på sal av tomte, etter kvart som dei vert byggeklare, kan ein finansiere vidare utbygging via tomtefondet. Når det gjeld prising av kommunale bustadtomter går ein ikkje noko nærare inn på det i denne saka då Eigdomsavdelinga vil leggje fram eiga sak om dette.

Utbygging/restutbygging av dei ulike kommunale bustadfelta bør tilpassast etterspurnaden. I enkelte område er det nok å legge til rette for bygging på nokre få tomter i gongen. Dersom alt er avklara i forhold til regulering, grunnverv, tekniske planar og finansiering er det ei rimeleg kurant sak å bygge ut stegvis etter behov. Statusen i dag, for fleire av dei kommunale bustadfelta, er at det berre er gjort delvis grunnverv og at tekniske planar ikkje er utarbeidde eller er ufullstendige.

Ut frå ikkje heilt oppdaterte tal er det pr. i dag anslagsvis 60-70 byggeklare tomter i kommunale bustadfelt rundt om i kommunen. Det meste av dette er tomter som bør vere rimeleg attraktive. I dei mest sentrale områda, og då spesielt Bergsøya er det imidlertid mangel på byggeklare tomter. Marknadsføringa av ledige kommunale tomter bør intensiverast og salet forenklast slik at tomte nær sagt kan "seljast over disk". Sal av tilgjengelege tomter kan gi eit vesentleg bidrag til finansieringa ved vidare utbygging av eksisterande og evt. nye kommunale bustadområde.

Som det framgår av vedlegg 2 vil stipulert samla kostnad ved full utbygging/restutbygging av eksisterande kommunale bustadfelt vere vel 54 mill. kroner inkludert mva. og vil gi omlag 160 nye tomter. Med omsyn til kommuneøkonomien må ein vere rimeleg kritisk til kva ein bygg ut. Eit alternativ kan vere førehandssal av tomter før utbygging slik det ofte vert gjort ved utbygging av bustadfelt i privat regi.

I samband med denne saka finn rådmannen grunn til m.a. å stille følgjande spørsmål som bør avklarast:

- Kva skal vere kommunen si framtidige rolle ved planlegging og utbygging av bustadfelt?
- Bør kommunen i større grad ha ein planstrategi på områdenivå med vekt på utbygging av hovudinfrastruktur, og at detaljregulering og utbygging vert overlate til private grunneigarar og firma?
- Bør kommunen sitt drifts- og vedlikehaldsansvar med tilhøyrande kostnader i framtida avgrensast til hovudinfrastrukturen?

Vurdering av dei ulike kommunale bustadfelta oppsett i vedlegg 2:

Leine 1: Pga. at det tidlegare er gitt løyve til bygging i området vil utbygginga berre gi 1 ny tomt. Det er ikkje gjort grunnverv. Det ein elles oppnår med ei slik utbygging er betre vegtilkomst og opprydding i avlaupa til eksisterande bustadar. Området er sentralt, men utbygginga er svært kostbar sett i forhold til at ein berre får 1 ny tomt.

Leine-

- skuletomta: Dette er eit nyregulert område inne i bustadfeltet Leine 1. Av dei eksisterande regulerte kommunale bustadområda med utbyggingspotensiale er Leine – skuletomta mest sentrumsnært. Leine – skuletomta er i kommunal eige gjennom tidlegare grunnnerv og ligg elles til rette for snarleg utbygging dersom finansiering kjem på plass. Riving av gamle Leine skule ligg inne i stipulert kostnad med om lag 720' kroner basert på pristilbod.
- Bø-Arhaug: I dette bustadfeltet er det ikkje er bygd ut noko kommunal infrastruktur. Sjå vedlegg 1 der det er gjort nærare greie for dette. For å tilrettelegge for nye tomter vil det måtte gjerast ei full utbygging av avlaupsanlegg utanfor feltet. Prioritering/finansiering av dette bør uansett vurderast i samband med pågåande revidering av Kloakkrammeplanen då det alt no er behov for opprydding i kloakktilhøva i området. Eksisterande veg må oppgraderast med tilhøyrande infrastruktur fram til området med nye tomter. Den største utfordringa er imidlertid at det ikkje er tilfredsstillande vassforsyning til bustadfeltet. Herøy Vasslag BA ser området som del av sitt dekningsområde. Slik rådmannen ser det bør kommunen kunne forvente at utbygging av vassforsyninga vert gjort av vasslaget utan vesentlege bidrag frå kommunen. Dvs. bortsett frå der kommunen, vasslaget og evt. andre har felles behov for utbygging av infrastruktur/leidningsnett. Det er ikkje realistisk å bygge ut bustadfeltet før det er etablert tilfredsstillande vassforsyning. Området er ikkje sentralt, men det har vore ei viss interesse for å bygge i feltet.
- Feirelia: Det er framleis ledige tomter i bustadfeltet. Grunnnerv er gjort. Salet av tomter har teke seg opp dei seinare åra. Vidare utbygging vil vere rimeleg enkel då hovudinfrastrukturen er utbygd. Ein ser ikkje behov for vidare utbygging på noverande tidspunkt.
- Trolldalen-
Storneset: Vidare utbygging vil medføre behov for grunnnerv. Det kan byggast vidare på tidlegare bygd infrastruktur og ligg såleis godt til rette for stegvis utbygging.
- Kvalsvikeidet: Her er det enno igjen nokre få tomter etter tidlegare utbygging. Kommunen eig grunnen. Vidare utbygging kan iverksetjast innan kort tid dersom det skulle vere behov.
- Frøystad: Vidare utbygging av Frøystad bustadfelt vil krevje grunnnerv og evt. omregulering dersom delar av skuletomta skal nyttast til bustadar.

På grunnlag av saksutgreiinga ovanfor og etter ei samla vurdering vil rådmannen gi følgjande tilråding til vedtak:

3. 4,1 mill. kroner av samla kostnadsramme på 4,25 mill. kroner i 2012-budsjettet vert avsett til opparbeiding av bustadfeltet Leine – skuletomta.
4. Resterande del, 150.000 kroner, vert nytta til omregulering og evt. grunnnerv innafor Frøystad bustadfelt.
5. Vidare utbygging vert å prioritere i samband med budsjett og økonomiplan med bakgrunn i reelle behov for tomter i dei ulike kommunale bustadfelta.
6. Administrasjonen får i oppdrag å utgreie og legge fram sak om kommunen si framtidige rolle ved planlegging, utbygging og drift av nye bustadfelt både i privat og kommunal regi.

Fosnavåg, 27.03.2012

Olaus-Jon Kopperstad

Jon Rune Våge



NOTAT

Til: Formannskapet

Frå: Rådmann

Saksnr
2010/1001

Arkivkode
611

Dato
10.10.2011

OPPARBEIDING AV INFRASTRUKTUR I BUSTADFELTET BØ-ARHAUG M.FL.

Vedlegg

1. Kopi av brev frå Bø og Sande grendalag av 20.09.10(motteke 19.10.2010)
2. Kopi av brev til Herøy Vasslag BA av 21.03.11
3. Kopi av brev frå Herøy Vasslag BA av 12.04.11
4. Kopi av brev frå Bø og Sande grendalag av 06.06.11

Bakgrunn

Notatet gjeld m.a. Bø og Sande grendalag sin søknad datert 20.09.2010 om heil eller delvis kommunal opparbeiding av infrastrukturen i bustadfeltet Bø-Arhaug. Anleggs- og driftsleiar orienterte formannskapet kort om saka den 30.08.2011 og fikk i oppdrag å kome tilbake til saka i eige notat når enkelte uklare punkt i søknaden var avklart. Det vart halde møte med laget den 06.09.2011.

Rådmannen finn det rettast å sjå saka i ein noko større samanheng då utbygginga av infrastruktur også er etterspurt i andre kommunale bustadfelt. I tillegg til Bø-Arhaug er det elles i kommunen ei rekke regulerte kommunale bustadfelt som berre er delvis utbygde. Dette gjeld m.a. Feirelia, Dragsund, Trolldalen, Kvalsvikeidet og Leine ytre i tillegg til området på tomte til gamle Leine skule.

Saksopplysningar

Status Bø-Arhaug pr. i dag:

- Bustadfeltet Bø-Arhaug vart regulert av kommunen i 1982. Kommunen har gjort noko grunnverv i feltet, men det er ikkje gjort noko utbygging av tekniske anlegg.
- Bø og Sande grendalag søkte i oktober 2010 om delvis opparbeiding i kommunal regi av det regulerte bustadfeltet Bø-Arhaug. FSK fikk søknaden oversendt som prenta OR-sak.
- 18. mars 2011 vart det halde eit møte med Bø og Sande grendalag der ulike utfordringar i samband med ei slik evt. utbygging vart diskutert. To av

hovudutfordringane i området er mangelen på god og stabil vassforsyning samt tilfredsstillande avlaup for spillvatn/kloakk. Dei som er etablerte i feltet/området i dag har private vass- og avlaupsordningar med varierende kvalitet. Med bakgrunn i møtet sende kommunen 21.03.2011 brev til Herøy Vasslag BA der ein ba om vasslaget si vurdering av korleis og når god og sikker vassforsyning kan etablerast i området. Evt. om vasslaget såg moglegheiter for mellombelse løysingar som kan vere tilfredsstillande.

- Herøy Vasslag AS tok i svarbrev av 12.04.2011, på visse vilkår, på seg ansvaret for god og sikker vassforsyning til området. Vasslaget tenkjer seg dette løyst ved å forlange vassleidning frå Torvika til Bø-Arhaug. Dette vil vere ei leidning på om lag 1,2 km lengde. Vasslaget stiller imidlertid vilkår om at Herøy kommune og Tussa må vere med på utbygginga med annan naudsynt infrastruktur som gangveg, avlaup og forbetra straumforsyning. Vasslaget ber til slutt i brevet sitt om å få oversendt ferdige planar for vatn og avløp for godkjenning før utbygginga vert oppstarta. Dei sender såleis "ballen" i retur til kommunen for evt. vidare kommunalt initiativ i saka.
- I nytt brev frå Bøe og Sande grendalag datert 06. juni 2011 vert det i overskrifta antyda utbygging av bustadfeltet i privat regi. Dette m.a. med bakgrunn i at dei meiner det ikkje er tid til å vente på framlegging av vassforsyning frå Herøy Vasslag BA. Dei skriv vidare i brevet sitt at dei set sin lit til politisk handsaming av saka.
- I møte med grendalaget den 06.09.2011 er det avklart at laget med "privat utbygging" meinte at interesserte tomtekjøparar skulle få byggje i bustadfeltet på same vilkår som dei som bur i området i dag. Dvs. med mellombelse private veg-, vass- og avlaupsløysingar.

Generelt:

Det er, som nemnt ovanfor, ei rekke kommunalt regulerte bustadfelt i kommunen som er delvis utbygde i tillegg til Bø-Arhaug der det ikkje er gjort noko opparbeiding. Vidare er det både i kommunal og privat regi under planlegging mindre bustadfelt m.a. på Moltu, Indre Bergsøy, Myklebuståsen, 3-4 mindre område på Hjelmeset/Berge og Tovågen i Myrvåg.

Vurderingar:

Ein vil tru at kommunen sin intensjonen med å regulere bustadfeltet Bø-Arhaug og andre bustadfelt var at dei skulle tilretteleggast med m.a. tekniske anlegg med sikte på bustadbygging. Forventningane om utbygging vart i alle fall skapte. Som det framgår ovanfor har imidlertid dette ikkje skjedd. Enkelte felt har berre delvis vorte utbygde medan Bø-Arhaug ikkje har vorte utbygd i det heile. Rundt om i dei ulike felta har enkelte, også i Bø-Arhaug, likevel fått bygd før utbygging av tekniske anlegg. Dette er dårleg økonomi for kommunen då ein ved å tillate slik bygging seier frå seg retten til å krevje refusjon for utbygging av tekniske anlegg. Refusjonsregelen er i store trekk slik at det ikkje kan krevjast refusjon frå eigedomar som er utbygde før utbygging av tekniske anlegg.

Slik rådmannen ser det bør det i ei samla sak kome til ei politisk avklaring om og evt. når heile og/eller resterande delar av dei gamle kommunale bustadfelta skal byggast ut.

Til no har ein planlagt nye bustadfelt og industriområde m.m. utan at ein har hatt nokon økonomisk plan eller prioritering for utbygging. Slik rådmannen ser det bør dette endrast slik at ein først set opp/vedtek ein økonomisk plan(gjerne langsiktig) som sikrar utbygging før ein set i gong planlegging. På den måten reduserer ein risikoen for å bruke ressursar på planar som kanskje ikkje er realistiske å gjennomføre i overskueleg framtid.

Når det gjeld vassforsyning ser rådmannen det slik at vasslaga i kommunen må utfordrast med omsyn til vassforsyning til m.a. bustadfelt som ligg innafor forsyningsområdet til dei ulike vasslaga. I den grad vasslaga vel å legge vassleidingar i trasear der kommunen også har behov for utbygging av avlaupsnett ser rådmannen det som naturleg at kommunen er innstilt på å byggje ut sine leidningsanlegg samstundes for å få seinka kostnadene for kvar part.

Konklusjon:

Rådmannen vil tilrå at administrasjonen får i oppdrag å utarbeide, og i eiga sak leggje fram, samla oversikt over resterande utbyggingar av eksisterande kommunalt regulerte bustadfelt der det m.a. vert gjort greie for:

- Kalkulerte totale utbyggingskostnader inkl. evt. grunnerverv
- Antal tomter som vert tilgjengelege ved utbygging
- Moglegheitene for sal av tomter i dei ulike felta etter utbygging
- Forslag til utbyggingstakt
- Evt. andre viktige moment

Med helsing

Rune Sjurgard

Jon Rune Våge

Kopi:

- Utviklingsavdelinga, her

ei ballengd bore

Erklæringar om grunnavståing september/oktober 2010.

Underteikna grunneigarar erklærer hermed at vi er positive til å avstå grunn til Herøy kommune, til marknadspris, i høve delvis opparbeiding av bustadfeltet Bø – Arhaug.

For gnr 16 bnr 3 – Signe Bøe

.....*Signe Bøe*.....

For gnr 16 bnr 8 – Odd Arvid Bøe

.....*Anne Bøe Odd Arvid Bøe*.....

For gnr 16 bnr 10 – Harry Monrad Muren

.....*Harry Muren*.....

Underteikna grunneigarar er villige til å avstå nødvendig grunn, til marknadspris, for opparbeiding av tilkomstveg i byggefeltet Bøe – Arhaug.

For gnr 16 bnr 69 – Oddrun Holsker Åheim

.....*Bli ikke berørt*.....

For gnr 16 bnr 70 – Marit Sæthre

.....*Bli ikke berørt*.....

For gnr 16 bnr 75 – Berit Høyessen

.....*Sjå vedlegg*.....

Underteikna grunneigarar er om deira eigedomar vert berørte av tilkomstvegen villige til å avstå nødvendig grunn til marknadspris.

For gnr 16 bnr 52 – Eldor Notøy

.....*Eldor Notøy*.....


For gnr 16 bnr 83 Tor Schjeldrup

.....*Merete Schjeldrup*.....

Arne Bøe er medeigar.

Gnr. 16 bnr. 8

Beste helsing



Knut Johan Voldsund

Leiar Bøe og Sande grendalag



Svein Gjelseth

Styremblem


Vedlegg:

Kartutsnitt av reg.plan

Grunneigaroversikt

Erklæring om grunnavståing

Erfaringstal
- 350' - 400' pr.
tomt for ei
delte kost
- 270 m. v å 15.00
- tekniske avlegg
inkludert
+ vann (f.o.m) Frøystad




Naboliste for bygge- og delesaker

Heimelshaver(e)

Naboar:

Matrikkelnr 1515 - 1673 Eigedomensadresse	Eigar/Festlars namn BØE SIGNE Adresse	Postnr	Poststad 6095 BØLANDET
Matrikkelnr 1515 - 1688 Eigedomensadresse	Eigar/Festlars namn SØ DDO ARNVD Adresse	Postnr	Poststad 6095 BØLANDET
Matrikkelnr 1515 - 1670 Eigedomensadresse	Eigar/Festlars namn MUREN HARRY MONRAD Adresse	Postnr	Poststad 6095 BØLANDET
Matrikkelnr 1515 - 1689 Eigedomensadresse	Eigar/Festlars namn AHEIM ODDRUN HULSEKER Adresse	Postnr	Poststad 6094 LEINØY
Matrikkelnr 1515 - 1670 Eigedomensadresse	Eigar/Festlars namn SÆTHRE MARIT Adresse ØVRE SKALLA 9	Postnr	Poststad 3474 AROS
Matrikkelnr 1515 - 1675 Eigedomensadresse	Eigar/Festlars namn HØYESSEN BERIT Adresse BORGERSTUEVEIEN 7	Postnr	Poststad 3280 TJODALYNG
Matrikkelnr 1515 - 1697 Eigedomensadresse	Eigar/Festlars namn HERØY KOMMUNE Adresse Postboks 274	Postnr	Poststad 6086 FOSNAVÅG



HERØY KOMMUNE
24.09.2010 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet


Tjalling 13/10 - 10

Underfegnede grunn eier er villig
til å austå nødvendige grunn til
marknadspris for opparbeidelse av
tilknytningsveg i byggefeltet Bae/Arhaling
G.nr 16 Brønnø. 75.

nach

Zeit-Hofmann

Zeit-Hofmann
Borgestien 7
3250 Tjalling





HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

Herøy Vasslag BA

Kvithaugsmyra 71
6092 FOSNAVÅG

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2010/1001	611		ANLD / JRV	21.03.2011

VASSFORSYNING FRÅ FRØYSTADKRYSET TIL BØ OG SANDE

Bø og Sande grendalag har søkt kommunen om delvis opparbeiding av det regulerte bustadfeltet Bø-Arhaug. Sjå vedlagt kopi av søknad og reguleringsplan. Kommunen har som ei av sine hovudmålsetningar å kunne tilby byggjeklare bustadtomter til innbyggjarane i kommunen samt tilflyttarar. Nyregulering av bustadfelt tek lang tid. Kommunen ynskjer såleis å utnytte potensialet som ligg i regulerte bustadfelt som ikkje er fullt utbygde. Ein vesentleg/avgjerande føresetnad/premiss for opparbeiding av kommunaltekniske anlegg i bustadfeltet Bø-Arhaug vil m.a. vere god og sikker vassforsyning. Statusen for bustadfeltet er pr. d.d. om lag slik:

- Området er regulert.
- Overordna plan for hovudavlaupsløysing for området framgår av vedlagt kartutsnitt.
- Kommunen har gjort delvis grunnnerv av tomte- og trafikkareal.
- Det er ikkje gjennomført noko nemnande opparbeiding av kommunaltekniske anlegg. Eksisterande veg gjennom feltet er den gamle fylkesvegen.
- Vass- og avlaupsanlegg er private. Kloakkavlaup via private slamavskiljarar.
- Veglys er utbygt, men det er stor avstand mellom lysa.

Grunnleggande føresetnader for utbygging av bustadfeltet Bø – Arhaug med tilliggande område:

- Framføring av god og sikker vassforsyning.
- Startløyving for opparbeiding av bustadfeltet må prioriterast/innarbeidast i kommunen sitt budsjett/økonomiplan.
- Resterande grunnnerv.
- Planlegging av kommunalteknisk infrastruktur.
- Etappevis utbygging der det i eksisterande del av feltet må omfatte utbetring av eksisterande veg, komplettering veglys, etablering av vass- og avlaupsleidningar inkludert felles slamavskiljar og utsleppsleidning.

ei båt lengd bære

Prioritering av utbygging av feltet vert å avklare politisk. I den samanheng må det utgreiast alternativ når det gjeld kloakkutbygging i høve ei raskare gjennomføring av ei delutbygging og ei hovudavløpsløyseing for eit større område.

Kommunen ber om ei attendemelding frå vassverket på korleis de planlegg å løyse vassforsyninga til feltet både når det gjeld framdrift og teknisk løysing. Vi ber om at vassverket vurderer dette sett både ut frå eit kortsiktig avgrensa perspektiv for å utløyse utbygging i dette feltet, samt gir ei attendemelding om planar for ei samla framtidig vassforsyning for området.

Ei framtidig kommunal avlaupsløyseing frå Vikane til Bø vil vere om lag som vist på vedlagt kopi av hovudavløpsplan. Ved utbygging av vassforsyning frå Frøystadkrysset til Bø og Sande vil det for delar av strekninga vere grunnlag for samarbeid om leidningstrasear. Ein vil også tru at andre leidningsetatar som straum- og kommunikasjonsleverandørar vil ha behov for å vere med i leidningstraseane.

Vassforsyning er avgjerande for utbygging av bustadfeltet Bø-Arhaug slik kommunen vurderer det. Elles er det i framtida også behov for styrking og utbygging av leidningsnett for å gi alle tilstrekkeleg og sikker vassforsyning på heile strekninga frå Frøystadkrysset til Bø og Sande. I tillegg til bustadfeltet Bø-Arhaug er det behov for utbygging av vassforsyninga til det regulerte området til Torvik Resort i Vikane. Sjå vedlagt kopi av reguleringsplan. Ein vil også tru at dette er avgjerande for utvikling av næringsområdet som er under regulering/utvikling ved Herøyterminalen.

Herøy Vasslag BA står i dag for vassforsyninga til nær sagt heile Ytre Herøy. Kommunen ser det såleis som naturleg at De også tek på Dykk vassforsyninga til ovanfor nemnde område. **Pga. ovanstående vil ein be om Dykkar vurdering av korleis og når god og sikker vassforsyning kan etablerast. Evt. om De ser moglegheiter for mellombelse løysingar som kan vere tilfredsstillande.**

Med helsing

Rune Sjurgard

Jon Rune Våge
Sakshandsamar

Vedlegg:

- Kopi av søknad frå Bø og Sande grendalag
- Kopi av reguleringsplan for Bø-Arhaug
- Kopi av reguleringsplan for Torvik Resort
- Kopi av overordna hovudavløpsplan for Vikane – Bø
- Kopi av overordna hovudavløpsplan for nordaustre del av Frøystad og Torvik

Kopi:
Bø og Sande grendalag v/leiar Knut Johan Voldsund

6095 BØLANDET

Nordic Resort Holding AS v/Nils Christoffer Gevelt Tollbugt. 49 3044 DRAMMEN
Utviklingsavdelinga, her
Eigedomsavdelinga, her
Formannskapet, referatsak

HERØY VASSLAG BA

Kvithaugsmyra 71
6092 Fosnavåg



Org.nr. NO 956 668 824 MVA
Tlf/faks. 70 08 33 80
Vakttelefon 91 18 33 88
E-post: post@heroy.vasslag.no
Heimeside: www.heroyvasslag.no

Herøy Kommune
Anlegg og driftsavdelinga
Postbx 274
6099 Fosnavåg

2010/1001	JCV
611	
Avd./sakshandsamar:	Dato
ANLD / JRV	12.04.2011

Saksnr.
2010/1001

Arkiv
611

Avd./sakshandsamar:
ANLD / JRV

Dato
12.04.2011

VASSFORSYNING FRÅ FRØYSTADKRYSET TIL BØ OG SANDE

Syner til dykkar brev datert 21.03.2011 angående vassforsyning til Bø og Sande.

Styret har handsama saka i styremøte 30. mars 2011.

Herøy vasslag tek på seg ansvaret for god og sikker vassforsyning til Bø-Arhaug når behovet og grunnlaget for utbygging er tilstade. For at kostnadsdekkinga ved ei slik utbygging skal bli tilfredstillande er det ein føresetnad at eksisterande eigedomar i det regulerte området knytter seg til ledningsnettet til Herøy Vasslag. Vidare må annan nødvendig infrastruktur byggast samstundes slik at vi får lågast mogleg utbyggingskostnader for alle partar.

Om denne utbygginga må gjennomførast i fleire etappar vil framdrifta i dei ulike prosjekta måtte avgjere.

Dersom planane om hotellbygging vert realiserte må det leggest ny 160mm leidning frå kum 1063 ved Gnr. 18 bnr. 13. der dagens 160mm leidning stoppar. Vi må då forutsette at kommunen samstundes bygg planlagt gangveg og at Tussa også skal legge ny tilførsel av straum til same området.

Frå kum 1063 ligg det 110mm rør til gnr. 17 bnr. 63. Dersom utbygginga av byggefeltet har behov for vatn tidlegare, kan vi løyse dette med å legge ny leidning i rett dimensjon frå gnr. 17/63 til det planlagte byggefeltet. Dette må skje i samarbeid med Herøy kommune og Tussa, ved at annan nødvendig infrastruktur som gangveg, avløp og straum kan samlast i eit felles prosjekt samstundes. Strekinga frå kum 1063 til Gnr. 17/63 kan då bytast til 160mm når hotellutbygginga vert realisert og gangveg og straum må på plass til dette området.

Det er også behov for utskifting og oppgradering av strekinga frå Frøystadkryset til kum 1062. Dette reknar vi også med kan gjennomførast i samarbeid med kommunen og tussa når behovet for betre infrastruktur melder seg i samband med hotellbygging i Torvik.

Herøy Vasslag bed om å få tilsendt ferdig plan for vatn og avløp for godkjenning før utbygginga vert oppstarta.

Vennleg helsing
Herøy Vasslag BA

Per-Arne Gjerdsbakk
styreleiar

Ar. og Drift.

Bøe og Sande grendalag

6095 Bølandet

Herøy kommune

Att/ ordfører

6099 Fosnavåg

05.06.11

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2010/1001	Saksbeh. LH
14 JUNI 2011	
Ark kode P	611
Ark kode S	
J nr	Dok nr. 4
Kassasjon	

Kopi:
ordfører
FSK

BUSTADFELT BØ-ARHAUG UTBYGGING I PRIVAT REGI

Viser til vårt møte med ordfører, rådmann m.fl. 18.03.11. på Herøy rådhus angående tilrettelegging av 10-12 nye bustadtomter i byggefeltet Bø-Arhaug.

Utgangspunkt for dette møtet var vår søknad av 20.09.10. til Herøy kommune om delvis opparbeiding av busstadsfeltet Bø-Arhaug der slike fakta ligg til grunn:

- Godkjent reguleringsplan frå 1982.
- Kommunen eig stor del av arealet ein ønskjer tilrettelagt, 6 tomter.
- Erklæring frå øvrige grunneigarar om vilje til grunnavståing.
- Lang liste med potensielle tomtekjøparar.

I møte 18.03.11. oppsummerte ordfører møtet slik:

- 1- Herøy kommune sender brev til Herøy Vasslag angående vassforsyning
- 2- Bruk av tomtefond til erverv/kjøp av grunn
- 3- Konsulent til prosjektering av tilrettelegging for utbygginga
- 4- Politisk handsaming før ferien

Vi viser vidare til brev frå Herøy Vasslag av 12.04.11. Planane dei legg til grunn har vi rett og slett ikkje råd til å vente på. Skal vi vente til dette er på plass har alle dei vi har på venteliste for lengst funne seg annan stad å bygge og bu.

For tida er her stor optimisme i bygda. Skulen har no vorte eit flott grendahus etter ein formidabel dugnadsinnsats og investeringsvilje. Vi har eit veldig oppegående grendalag som kvar einaste dag står på for at folk skal trivast i Bø og Sande.

Mange ventar no spent på oppstart i byggefeltet og klargjering av nye tomter. Vi må ikkje stelle oss slik at desse også fer sin veg. Då vil stor optimisme verte snudd til like stor pessimisme.

Vårt primære ønskje var at kommunen skulle stå som tilretteleggjar/utbyggjar, men tidsperspektivet gjer at vi ser på ei utbygging i privat regi som meir teneleg.

Vi set no vår lit til ordførar og snarleg politisk handsaming av saka.

Vi håper at slik politisk handsaming kan føre til vedtak om:

- Tilrettelegging/opparbeiding av 10-12 nye bustadtomter i Byggefeltet Bø-Arhaug utbygd i privat regi
- Kommunen løyser inn/kjøper arealet som kommunen ikkje har hand om. Finansiering tomtfondet.
- Kommunen gjennom konsulent står for prosjektering av tilrettelegginga/opparbeidinga.
- Avløp med slamavskiljarar og ny leidning i eksisterande trase til sjøen.
- Vassforsyning frå borevatn med høgdebasseng.

Vi ser fram til eit positivt svar og snarleg politisk handsaming av denne for Bø og Sande svært så viktige saka.

Beste helsing



Knut Johan Voldsund

Leiar Bø-Sande grendalag



Svein Gjelseth

styremedlem

Kopi til medlemmane i formannskapet

VEDLEGG 2


OVERSIKT OVER TOMTERESERVE I DELVIS/IKKJE UTBYGDE KOMMUNALE BUSTADFELT (stipulerte utbyggingskostnader, status grunnnerv, ledige/reservert tomter, og nye tomter ved full utbygging)

Bustadfelt	*)Stipulerte utb. kostnader inkl. mva.	Grunnerv	Ledige/reserverte tomter pr. i dag	Nye tomter v/full utbygging **)	Merknader
Leine 1 - rest	2.800.000	Ikkje gjennomført i resterande utb.område	2 reserverte i utbygd område	1	Trafikkareal og ubebygd tomteareal må ervervast.
Leine - skuletomta	4.100.000	Gjennomført	Ingen	10	Inkl. riving av gml. skule og naudsynt ekstra drensløidning pga. overvassproblem ved store nedbørsmengder i tidlegare utbygg del av Leine 1.
Bø-Arhaug	6.000.000	Delvis gjennomført	Ingen	20	Kostnad for opparbeiding innafor reg.område inkl. oppgradering eksisterande veg, men ekskl. vassforsyning fram til feltet. Kostnad med avlaupsnett og slammavskiljar utanfor bustadfeltet er heller ikkje med då dette er vanleg å bygge/finansiere over kloakkrammeplanen.
Feirelia	7.600.000	Gjennomført	8 ledige/ 5 reserverte	21	
Trollidalen-Stormeset	9 000 000	Ikkje gjennomført i resterande utb. område	2 reserverte/ 2 ledige	25	
Kvalsvikeidet	10.800.000	Gjennomført	3 ledige	30	Stipulert kostnad omfattar ikkje ny veg mellom bustadfeltet og fylkesvegen på Nerland.
Frøystad	2.500.000	Delvis gjennomført	Ingen	5	Før utbygging bør det vurderast omregulering av skuleområdet då dette kan gi fleire nye tomter utan vesentlege ekstrakostnader.
Dragsund	11.900.000	Delvis gjennomført	21 ledige/ 2 reserverte	45	
Totalt	54.700.000	-	34 ledige/ 9 reserverte	157	

*) Kostnadene tek utgangspunkt i full utbygging/restutbygging. Eventuelt grunnnerv kjem i tillegg. Kostnadene er stipulerte på grunnlag av erfaringstal og justerte for spesielle tiltak/forhold som ein kjenner til.

***) I fleire område kan det ved fortetting bli fleire tomter tilgjengeleg.

Fosnavåg, 27.03.2012



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2015/1258
		Arkiv:	Q80

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
25/16	Maritim og teknisk komite	26.04.2016
	Formannskapet	10.05.2016

REVIDERING AV TRAFIKKTRYGGINGSPLAN - UTLEGGING AV PLANPROGRAM TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding:

Formannskapet viser til vedtak i F-sak 37/16 om oppstart av revidering av trafikktryggingsplanen og vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 13, at vedlagt forslag til planprogram vert lagt ut til offentleg ettersyn i minimum seks (6) veker.

Særutskrift:

Utviklingsavdelinga, her

Vedlegg:

1. Forslag til planprogram for revidering av KDP trafikktrygging 2015-2018
2. F-sak 37/16 – Vedtak om oppstart av arbeid med revidering av kommunedelplan

Saksopplysningar:

Sist kommunedelplan for trafikktrygging vart vedteken for perioden 2015-2018. Mange av dei fysiske tiltaka i planen er ferdigstilt og nokre er under arbeid og vil bli ferdigstilt som del av større prosjekt. Det er soleis rom for nye tiltak i planen, noko som gjer at handlingsprogrammet må reviderast.

Organisering av planarbeidet:

Det vil i planarbeidet bli oppretta ei arbeidsgruppe og ei referansegruppe. Arbeidsgruppa vil bestå av 1 planleggar, 1 ingeniør drift, 1 barnerepresentant og 1 politisk representant (allereie valt). Rådmannens leiargruppe vil vere referansegruppe for planarbeidet.

Medverknad

I det vidare planarbeidet vert det lagt til rette for medverknad frå barn- og unge, FAU ved skulane, barnehagar, privatpersonar, bedrifter, lag og organisasjonar m.fl gjennom kunngjering og høyringar. Planen vil gjennom høyringsfasar invitere til innspel til kva trafikktryggingstiltak som bør prioriterast i perioden 2016-2018. Slike tiltak kan t.d vere sikringstiltak på fylkesveg, kommunale eller private vegar, farlige og utrygge skulevegar og tiltak for å utbetre vegar og områder der barn- og unge føler seg utrygge å ferdist i heile kommunen. Planområdet omfattar heile Herøy kommune.

Vurdering og konklusjon:

Forslag til planprogram ligg no klart for politisk behandling. Politisk utval har også høve til å gjere endringar eller presiseringar i planprogrammet før det blir sendt ut på høyring. Når planprogrammet vert lagt ut til høyring, vil det i ei periode vere mogleg å kome med innspel frå dei som har interesser i dette planarbeidet. Etter ei høyringsperiode skal planprogrammet stadfestast av formannskapet (planutval).

Trafikktryggingssplanen er eit viktig styringsreiskap og grunnlag for løyving av midlar til ulike tiltak. Planen er også viktig for at ein kommune skal få statleg støtte til planlegging og gjennomføring av sikringstiltak av born sin skuleveg er det ein føresetnad at det ligg ved ein oppdatert trafikktryggingssplan i søknaden.

Innspel til planarbeidet vil bli handsama av arbeidsgruppa som også vil fungere som faggruppe for utarbeiding av revidert handlingsprogram. Når plandokumenta har vore ute på høyring og arbeidsgruppa har utarbeidd sitt fagleg dokument, vert dette presentert i rådmannen si leiargruppe (referansegruppe) før forslag til handlingsprogram blir fremja for politisk behandling i formannskapet og til endeleg godkjenning i kommunestyret.

Fosnavåg, 12.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg



Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2015/1258
		Arkiv:	Q80

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
1/16	Maritim og teknisk komite	26.01.2016
37/16	Formannskapet	09.02.2016

PRIORITERING AV TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK 2016

Tilråding:

1. I 2016 vert det starta opp planarbeide med revidering av handlingsprogram for kommunedelplan trafikktrygging 2015-2018.
2. Planarbeidet blir organisert ved bruk av arbeidsgruppe og referansegruppe. Rådmannens leiargruppe blir valt som referansegruppe for planarbeidet. Arbeidsgruppe skal bestå av 1 planleggar, 1 driftsingeniør, barnerepresentant og 1 politisk representant.

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Maritim og teknisk komite - 26.01.2016

1. I 2016 vert det starta opp planarbeide med revidering av handlingsprogram for kommunedelplan trafikktrygging 2015-2018.
2. Planarbeidet blir organisert ved bruk av arbeidsgruppe og referansegruppe. Rådmannens leiargruppe blir valt som referansegruppe for planarbeidet. Arbeidsgruppe skal bestå av 1 planleggar, 1 driftsingeniør, barnerepresentant og 1 politisk representant.

Møtebehandling:

Maritim og teknisk komite si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 09.02.2016

1. I 2016 vert det starta opp planarbeide med revidering av handlingsprogram for kommunedelplan trafikktrygging 2015-2018.

2. Planarbeidet blir organisert ved bruk av arbeidsgruppe og referansegruppe.

Rådmannens leiargruppe blir valt som referansegruppe for planarbeidet.

Arbeidsgruppe skal bestå av 1 planleggar, 1 driftsingeniør, barnerepresentant og 1 politisk representant.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga

Vedlegg:

01 – Kommunedelplan for trafikktrygging 2015-2018

02 - Liste over trafikktryggingstiltak som er utført i 2015

03 - Handlingsprogram 2015-2018 med utførte tiltak i plan

Saksopplysningar:

Herøy kommune har vedteke ein kommunedelplan for trafikktrygging for perioden 2015 til 2018. Arbeidet med planen har vore gjennomført som ein planprosess etter plan- og bygningslova, der det har vore brei medverknad frå lokalsamfunnet. Planarbeidet har vore organisert gjennom ei arbeidsgruppe samansett av representantar frå både administrativt og politisk nivå i kommunen.

Handlingsprogrammet i planen seier noko om kva tiltak kommunen skal prioritere i perioden 2015-2018. Det er kommunen sitt trafikktryggingsutval, Maritim og teknisk komité, som skal vedta kva saker som skal prioriterast. Det er rådmannen, i samråd med utviklingsavdelinga, som fremjar trafikktryggingssaker til Maritim og teknisk komite. Det er tenkt at det årleg skal leggst fram sak om kva som skal prioriterast og kva midlar som skal avsettast frå vedtatt budsjett. Dei ulike tiltaka blir organisert som anleggsprosjekt med eige prosjektrekneskap. Løyvingar frå avsett midlar til trafikktrygging i budsjett, blir overført til dei ulike prosjekta. Alle anleggsprosjekt skal avsluttast økonomisk etter at dei er ferdigstilt.

Det er i budsjett for 2016 avsett kr 4.300.000,- til arbeidet med trafikktrygging i Herøy kommune.

I vedlegg 2 ligg det ei oversikt over kva trafikktryggingstiltak som er blitt utført i 2015.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen viser til vedlagt handlingsprogram som viser at mange av tiltaka som blei vedteke i kommunedelplanen allereie er utført, samt at kommunen har avsett kr 4.300.000 til vidare arbeid med trafikktrygging i 2016. Dette viser at satsing på trafikktrygging er noko som blir prioritert i Herøy kommune.

Med bakgrunn i at mange av tiltaka i kommunedelplanen er utført og at det er sett av vesentleg med økonomiske ressursar til dette arbeidet, finn rådmannen det som naturleg at gjeldande handlingsprogram blir tatt opp til revisjon og at ein vedtek kva tiltak som skal prioritertast i perioden frå 2016-2018. Ein veit at det ved høyring av planen var mange i lokalsamfunnet som hadde innspel til trafikktryggingsarbeidet og som ikkje nådde fram med sine synspunkt. Desse vil ved ei revidering av handlingsprogrammet kunne få ein ny sjanse til å fremje sine innspel og få desse vurdert. I tillegg har det dukka opp fleire aktuelle trafikktryggingstiltak i lys av dagens samfunnsutvikling, som administrasjonen meiner er naturleg at dei blir vurdert i ein revisjon av handlingsprogrammet til trafikktryggingssplanen.

Rådmannen ser det som viktig at dei prioriteringane som blir vedtatt i nytt handlingsprogram er realistisk og moglege å gjennomføre for administrasjonen over ei to-årsperiode. Trafikktryggingsarbeidet blir administrert av utviklingsavdelinga som eitt av fleire arbeidsoppgåver som skal gjennomførast årleg. Det er soleis viktig at dei prioriterte tiltak er overkomeleg for administrasjonen – både av omsyn til kapasitet og økonomi.

I det vidare arbeidet vil administrasjonen annonsere oppstart av planarbeid med revidering av handlingsprogrammet til kommunedelplanen. Det vil då vere mogleg for lokalsamfunnet å kome med forslag til nye trafikktryggingstiltak som bør prioriterast. Det vil deretter bli gjennomført eit planarbeid i arbeidsgruppa som vil utarbeide eit forslag til nytt handlingsprogram, som deretter blir presentert for referansegruppa før framlegging til formannskapet for offentlig ettersyn høyring. I høyringsperioden vil det på nytt vere mogleg å kome med innspel til planarbeidet frå lokalsamfunnet.


Fosnavåg, 07.01.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

**KOMMUNEDELPLAN
TRAFIKKTRYGGING
HERØY KOMMUNE 2015-2018
(Revidering av handlingsprogram for
perioden 2016-2018)**



PLANPROGRAM
Planprogram, sist revidert 18.02.2016



Planprogram

I samsvar med plan- og bygningslova § 5-1 skal dette planprogrammet vere eit verkty for å sikre tidleg medverknad og avklaringar av viktige omsyn som må takast i planarbeidet. Det skal angi formålet med planarbeidet, avklare viktige problemstillingar og utredningsbehov og skildre korleis planarbeidet er tenkt gjennomført.

Eit planprogram skal gjere greie for formål, planprosess, medverknad, kva for alternativ som vert vurdert og behovet for utredningar. Forslaget til planprogram vert sendt ut for høyring og offentleg ettersyn samstundes med varsling av planoppstart. Dette i medhald av plan- og bygningslova § 4-1.

Interesserte vert difor bedne om å kome med innspel og synspunkt til planprogrammet gjennom offentleg ettersyn før det vert fastsett av formannskapet. Etter at det endelege planprogrammet er vedteke skal arbeidet med kommunedelplanen for trafikktrygging fullførast.

1. Planarbeidets formål

Arbeidet med kommunedelplanen for trafikktrygging er ei revidering av tidlegare trafikktryggingsplan som vart vedteken i K-sak 169/14, denne trafikktryggingsplanen omfatta perioden 2015-2018. Det er såleis naudsynt å gjere ei revidering for deler av denne planen – handlingsprogrammet og prioritering av tiltak i perioden 2016-2018.

Det reviderte handlingsprogrammet som vil gjelde for perioden 2016- 2018 vil byggje på og dra meg seg viktige moment frå tidligare Trafikktryggingsplan 2015- 2018, samt byggje på medverknad frå innbyggjarane i kommunen gjennom høyringar.

Kommunedelplan er eit viktig styringsreiskap for bruk av midlar avsett i budsjett til formålet, og planen har vore ein føresetnad for å få statleg og regional støtte til planlegging og gjennomføring av sikringstiltak av born sin skuleveg på fylkesvegar og kommunale vegar. Ved søknad om støtte skal trafikktryggingsplanen ligge ved.

I gjeldande trafikktryggingsplan for Herøy kommune er sikring av trygge skulevegar for born og unge eit viktig satsingsområde. Viktige tiltak kan til dømes vere fysiske utbygging i form av nye gang- og sykkelvegar, fortau og forbetre fysiske løysingar på spesielt ulykkesbelasta område og åtferdsendrande tiltak i skulane og FAU. Desse tiltaka vil framleis stå som viktige tiltak i arbeidet med revidering av handlingsprogrammet.

Herøy kommune har sett opp to hovudmål som vert lagt til grunn for trafikktryggingsarbeidet:

Hovudformål:

- Ingen skal bli drepne eller kome alvorleg til skade i trafikken i Herøy kommune
- Alle trafikantar skal føle seg trygge i Herøy kommune



I det generelle arbeidet med trafikktrygging i Herøy kommune er det viktig at det vert satsa på både fysiske tiltak og åtferdsendrande tiltak blant innbyggjarane (trafikantane), då desse tiltaka har alle viktige og ulike innverknadar på framferda i trafikken. Det er viktig at alle brukargrupper har ei bevist haldning til trafikktrygging og at ein legg vekt på dei momenta som kjem fram i form av informasjon og opplysningar om trafikktrygging.

Hovudformåla i plan er tenkt vidareført i arbeidet med endring av handlingsprogrammet.

I gjeldande trafikktryggingsplan har ein peika ut følgjande satsingsområde:

- Fysisk sikring av barn sin skuleveg
- Byggje nye gang- og sykkelveg
- Betre løysingar på spesielt ulukkesbelasta områder langs vegnettet
- Åtferdsendrande tiltak og haldningskampanjar.

Satsingsområda er tenkt vidareført i arbeidet med endring av handlingsprogrammet.

2. Rammer og føringar

Herøy kommune har i budsjett for 2016 sett av om lag 4.6 millioner kroner til arbeidet med trafikktrygging. Det er Maritim og teknisk komite som er kommunen sitt trafikktryggingsutval og avsett konkrete midlar til prioriterte trafikktryggingstiltak.

Kommunedelplan trafikktrygging skal vere ein overordna plan for all trafikk og trafikktrygging i Herøy kommune. I planarbeidet og drifta vil det vere fokus på å oppfylje krav til medverknad frå barn og unge i plan- og bygningslova. Plan- og bygningslova, spesielt retta mot barn- og unge, skal sikre eit heilskapeleg samfunn, vegar og trygge rammer for både dei unge og mjuke trafikantane i samfunnsbiletet. Kommunedelplan for trafikktrygging vil ta omsyn til dei momenta som er aktuelle i plan- og bygningslova.

3. Planområde

Planen vil omhandle tilrettelegging for barn og unge i trafikken, menneske med nedsett funksjonsevne, samt eldre og mjuke trafikanter. Trafikktryggingsplanen skal betre villkåra for dei som ferdast i trafikken, til og frå skule, jobb og fritidsaktivitetar til barn – og unge. Såleis vil planområdet omfatte heile Herøy kommune, då med fokus retta spesielt mot skuleveg og utrygge strekningar i samband med både skuleveg og arealområde nytta til fritidsleik langs farlege, lite oversiktelege og utrygge vegar.



4. Planperiode

Kommunedelplanen vert utarbeidd for perioden 2016-2018. Det langsiktige målet i planen er nok uoppnåeleg for ei slik avgrensa periode. Dette fordi ein alltid vil ha eit samfunn prega av eit trafikkbiletet i stor utvikling med stor trafikk og mange bilistar som ferdast på alle vegane i kommunen, alt frå riksvegar, fylkesvegar og kommunevegar. Etter plan og bygningslova § 10-1, i arbeid med kommunal planstrategi, skal kommunestyret minst ein gong i løpet av kvar valperiode vurdere kommuneplanen samla, herunder om det er naudsynt å foreta endringar i planen.

Kommunen har tidlegare gjort eit grundig forarbeid beståande av kartlegging av barnetrakk og lokalisering av stiar, råser, akebakkar, leikeplasser m.m, og lagt dette til grunn som grunnlag for planen.

Tiltaksprogram skal rullerast kvart år og reviderast kvart 4. år.

5. Viktige utfordringar

Generelt:

Gjennomføre kortsiktige og langsiktige tiltak som blir valt i løpet av planperioden.

Desse vert vurdert til dei viktigaste utfordringane i samband med planen:

- Prioritere og gjennomføre tiltak i handlingsprogrammet
- Velje ut tiltak som har effekt for trafikktryggleiken
- Sikre medverknad frå brukarinteresser i kommunen.
- Berekne kostnader.

6. Planlagde utgreiingar

Det vil ikkje bli gjennomført ytterlegare utgreiingar rundt aktuelle utfordringar som nemnt i pkt 6. Det vil bli gjennomført høyringar der innbyggjarar, lag, organisasjonar og andre kan kome med innspel til planarbeidet innan ein fastsett tidsfrist.

Planarbeidet skal berre revidere deler av planen – handlingsprogrammet.

7. Kommunedelplan trafikktrygging

Revidert kommunedelplan trafikktrygging vil innehalde:

- Handlingsprogram med forslag til prioritering av tiltak i perioden 2016-18.

Til kvart enkelt tiltak som blir valt i handlingsprogrammet, vert det utarbeidd kartvedlegg som viser informasjon om kvar tiltaket er lokalisert. Ein tekstdel vil skildre tiltaket som skal gjennomførast.

Endring av handlingsprogrammet vil vere gjenstand for høyring og politisk handsaming.



8. Samfunnstryggleik

Det skal utførast risiko- og sårbarheitsanalyse(ROS) i kommunedelplanen for å vurdere potensielle uønskte hendingar og konsekvensane av desse i høve samfunnstryggleik. Kommunen vil nytte fylkesmannen sitt skjema for ROS- analyse.

9. Konsekvensutgreiing

I samband med utarbeiding av kommunedelplan trafikktrygging ser ein ikkje at det utløyser krav om konsekvensutgreiing. Planen i seg sjølv vil ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing etter Forskrift om konsekvensutredning §§ 2,3 og 4.

Krav om konsekvensutgreiing tilknytt tiltak til m. a eksisterande veg, som i denne Trafikktryggingssplanen, fell kravet om konsekvensutgreiing bort. Tiltak der nye veglinjer vert diskutert og planlagd, vil krav om konsekvensutgreiing vurderast.

10. Organisering og medverknad

Utviklingsavdelinga vil vere ansvarleg for utarbeiding av planen og syte for at planprosessen er i tråd med plan og bygningslova sitt regelverk, samt ha det overordna ansvaret for dei tiltaka som skal gjennomførast i planperioden.

Under arbeidet med trafikktryggingssplanen vil det verte oppnemnd ei arbeidsgruppe og ei referansegruppe. Arbeidsgruppa bli beståande av minst:

- Ein planleggar
- Ein representant frå anlegg- og driftsavdelinga
- Barnerepresentant
- Ein politisk representant

Rådmannens leiargruppe er referansegruppe i arbeidet med trafikktryggingssplanen.

Saman skal gruppa arbeide fram for å kartlegge og sette i fokus kva som skal vere fyrsteprioriteringar i handlingsprogrammet for planen 2016-2018.

Jf. plan- og bygningslova har kommunane eit særskild ansvar for medverknad frå dei yngste, der kommunen vil nytte seg av dei tidligare registrerte Barnetrakk registreringane og innspel/dialog med kommunen sin barnerepresentant.

Det vert lagt opp til informasjon og moglegheiter for innspel til planprogrammet på følgjande måte:

- Varsel om oppstart vert annonsert og forslag til planprogram vert lagt ut til offentleg ettersyn etter plan og bygningslova § 11-13. Det vert mogleg å kome med innspel til planarbeidet generelt. Alle merknader som kjem inn innan utløpet av fristen vert teke med i kommunen si vurdering når planprogrammet skal fastsetjast. Innspel må komme i løpet av 6 veker frå planprogrammet vert lagt ut til offentleg ettersyn.
- Revidert kommunedelplanen vil vere gjenstand for høyring og offentleg ettersyn etter plan og bygningslova § 11-14 med moglegheiter for å kome med



innspel før politisk handsaming. Innkomne innspel vert vurdert av arbeidsgruppa fortløpande og kommentert i saksframlegg i samband med politisk handsaming.

11. Framdriftsprosess

TIDSROM	AKTIVITET
Jan – April 2016	Innleiande arbeid: - Oppstartsmøte, varsel om oppstart - Utarbeiding av planprogram
Mai – Juli 2016	Høyring/ offentlig ettersyn av planprogram i min. 6 veker
August 2016	Møte i arb.gruppe: Behandling av innspel og evt revidere planprogram. Utarbeide revidert handlingsprogram Presentasjon handlingsprogram til referansegruppe
August – Oktober 2016	Høyring/ offentlig ettersyn i min. 6 veker
November 2016	Vedtak av handlingsprogram politisk utval Kunngjering av vedtak.



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2016/319
		Arkiv:	34/1

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
26/16	Maritim og teknisk komite	26.04.2016

HEIDA VEL - GNR 34, BNR 1 FESTENR 6 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS AREALDEL VEDR OPPFØRING AV GAPAHUK I LNF-OMRÅDE

Tilråding:

Maritim og teknisk komite vedtek i medhald av PBL § 19-2 at det vert gjeve dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen med sikte på oppføring av gapahuk knytt til tursti Heid på gnr 34, bnr 1, festenr 6 i Herøy kommune.

Dispensasjonen vert grunngeven med at tiltaket vil vere eit positivt supplement til den allereie eksisterande Heid tursti og forsterke turområdet sine kvalitetar og bidra positivt i eit folkehelseperspektiv. Opparbeidinga av gapahuken må gjerast på ein naturvenleg måte slik at omgjevnadane vert minst mogleg berørt.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeskommune, 6404 Molde
Heida vel v/ Anlaug Solfrid Varhaugvik, 6091 Fosnavåg

Vedlegg:

- 01 - Søknad frå Heida vel, 03.03.2016
- 02 - Kart
- 03 - Teikning gapahuk
- 04 - Høringsbrev + uttale frå Fylkesmannen i MR

Saksopplysningar:

Heida vel har med søkt om å få etablere ein gapahuk tilknytt Heid tursti. Gnr 34, bnr 1. Gapahuken er tenkt plassert på tverrfjellet og med utsikt mot Fosnavåg og Runde. Aktuell plassering er i LNF-område av kommuneplanens arealdel. Saman med søknad er det søkt dispensasjon frå kommuneplanens arealdel – mindre byggetiltak i LNF- område.

Søknaden vart sendt på høring med brev datert den 07.03.2016. Høringsfristen er no ute og ein har motteke uttale frå ein av høringspartane. Saka er klar for politisk sluttbehandling.

Tuttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 18.03.2016:

Ingen negative merknader til tiltaket, men påpeikar at gapahuken må vere open for alle.

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte tiltaket ligg innanfor eit område som er avsett til LNF-område i kommuneplanens arealdel. Tiltaket vil vere eit supplement til den allereie opparbeidde Heid tursti. Gapahuken skal vere på 42m² og ha opning mot Fosnavåg og Runde. Det er inngått ein leigeavtale med grunneigarane for plassering av gapahuken – denne er tinglyst. I leigeavtalen har Heida vel teke på seg å «drifte» gapahuken og føre tilsyn med den, samt passe på at den ikkje vert misbrukt.

Rådmannen rår til at det vert gjeve dispensasjon til oppføring av gapahuk som omsøkt og slik tilrådinga ligg føre.

Konsekvensar for folkehelse:

Tiltaket vil bidra positivt i eit folkehelseperspektiv.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 08.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer



Innsendt: 03.03.2016 20:09

Ref.nr: CRUTEK

Herøy kommune

Rådhusgata 5

Postboks 274

6099 Fosnavåg

Telefon: 70 08 13 00

Telefaks: 70 08 13 01

E-post: postmottak@heroy.kommune.no

Hjemmeside: <http://www.heroy.kommune.no>

Tiltak - søknad om tillatelse til tiltak uten ansvarsrett

Om søknaden
Søkes det om dispensasjon fra plan- og bygningsloven, forskrift eller arealplan? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
Er det behov for tillatelse / samtykke / uttalelse fra annen myndighet? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
Nabovarsling skal være gjennomført før søknaden sendes kommunen (jf. pbl § 21-3).
Foreligger det merknader fra naboer eller gjenboere? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
Hvis nei på alle spørsmålene over, anses tillatelse gitt tre uker etter at fullstendig søknad er mottatt i kommunen.
Utgitt etter avtale med Direktoratet for byggkvalitet 01.01.2016

Eiendom/byggested					
Kommune Herøy					
Gnr. 34	Bnr. 1	Festnr. 6	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.
Adresse Tverrfjellet		Postnr. 6090	Poststed Fosnavåg		

Tiltakets art
Mindre tiltak til bebygg eiendom, pbl § 20-4 og SAK kap. 3 <input type="checkbox"/> Tilbygg inntil 50 m2 <input checked="" type="checkbox"/> Frittliggende bygning inntil 70 m2 (ikke boligformål - f.eks. bod/garasje) <input type="checkbox"/> Skilt/reklame <input type="checkbox"/> Midlertidig bygning / konstruksjon / anlegg (som ikke skal plasseres for lengre tidsrom enn 2 år) <input type="checkbox"/> Bruksendring fra tilleggsdel til hoveddel eller omvendt innenfor en bruksenhet <input type="checkbox"/> Driftsbygning i landbruket (driftsbygning må ha mindre samlet bruksareal (BRA) enn 1000 m2) <input type="checkbox"/> Riving (gjelder bygg inntil 70 m2) <input type="checkbox"/> Oppretting/ending av av matrikkelenhet <input type="checkbox"/> Annet:
Planlagt bruk/formål (beskriv) Gapahuk - dagsturhytte ved Heid Turløype på Tverrfjellet 42m2. Ligg i oppe terreng

Arealdisponering - planstatus - grad av utnytting
Angi planstype som gjelder for området

Tiltak - søknad om tillatelse til tiltak uten ansvarsrett

<input checked="" type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan <input type="checkbox"/> Reguleringsplan <input type="checkbox"/> Bebyggelsesplan					
Navn på plan Kommuneplan arealdel			Formål i plan LNF		
Areal:					
Grad av utnyttning kan fastsettes som en øvre grense for bruksarealet som kan oppføres på en tomt i m ² eller i forhold til tomtearealet %-BRA eller %-BYA.					
Velg beregningsmåte for grad av utnyttning					
<input type="checkbox"/> BYA <input checked="" type="checkbox"/> BRA <input type="checkbox"/> Annet					
BRA eksisterende	BRA nytt	Sum BRA	Tillatt % BRA	Tomleareal	Maks. bebygget areal
	42	42			42
Beskriv beregning av grad av utnyttning. Gapahuken har eit areal på 42 m ² med opning mot Fosnavåg og Runde. Sjå teikningar. Gapahuken skal verte ein attraktiv møteplass for alle som går tur over Tverrfjellet og som skal gje positiv effekt for Folkehelsa					

Plassering av tiltaket
Kan høyspent kraftlinje være i konflikt med tiltaket? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
Kan vann- og avløpsledninger være i konflikt med tiltaket? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
Avstand i meter (skal vises på situasjonsplanen):
Minste avstand til nabogrense (frittliggende bygg) 6
Minste avstand til nærmeste bygning 500
Minste avstand til midten av vei 6
Er byggegrunnen utsatt for flom, skred eller andre natur- og miljøforhold? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei

Veg, overvann
Gir tiltaket endrede avkjøringsforhold? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
Er avkjøringsstillatelse gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
Overvann:
Takvann/overvann føres til <input type="checkbox"/> Avløpssystem <input checked="" type="checkbox"/> Terreng

Vedlegg
Relevante vedlegg merkes med gruppe og vedleggnr. Gruppe B: Dispensasjonssøknader/innvilget dispensasjon Gruppe C: Kvittering for nabovarsel/ Opplysninger gitt i nabovarsel/ nabomerknader/ kommentarer nabomerknader Gruppe D: Situasjons-/ avkjøringsplan Gruppe E: Tegninger plan, snitt, fasade (eksisterende og ny) Gruppe I: Uttalelse/vedtak fra annen myndighet SAK10 § 6-2 og pbl § 21-5 Gruppe J: Rekvisisjon av oppmålingsforretning Gruppe Q: Andre vedlegg

Tiltak - søknad om tillatelse til tiltak uten ansvarsrett

Gr. B	Nr.	Vedlegg	Last opp vedlegg Vedtak i MTK-sak 48-14 Om dispensasjon frå komm.plan for Heid Turløype 3. byggesteg.pdf	Ev. per post <input type="checkbox"/>
Gr. C	Nr.	Vedlegg	Last opp vedlegg Nabovarsel gapahuk.pdf	Ev. per post <input type="checkbox"/>
Gr. D	Nr.	Vedlegg	Last opp vedlegg Situasjonsplan Gapahuk 1-5000 og 1-500.pdf	Ev. per post <input type="checkbox"/>
Gr. E	Nr.	Vedlegg	Last opp vedlegg Teikning. Gapahuk.plan.3011.2015.pdf	Ev. per post <input type="checkbox"/>
Gr. E	Nr.	Vedlegg	Last opp vedlegg Teikning. Gapahuk. snitt2.30.11.2015.pdf	Ev. per post <input type="checkbox"/>
Gr. E	Nr.	Vedlegg	Last opp vedlegg Teikning Gapahuk.3DII.30.11.2015.pdf	Ev. per post <input type="checkbox"/>
Gr. E	Nr.	Vedlegg	Last opp vedlegg Teikning Gapahuk.3DIII.30.11.2015.pdf	Ev. per post <input type="checkbox"/>
Gr. J	Nr.	Vedlegg	Last opp vedlegg Tinglyst dokument Gapahuk.pdf	Ev. per post <input type="checkbox"/>

Erklæring fra tiltakshaver

Erklæring

Tiltakshaver forplikter seg til å gjennomføre tiltaket iht. plan- og bygningsloven (pbl) og byggt teknisk forskrift og gitt tillatelse.

Tiltakshaver er

- Enkeltperson
 Foretak/lag/sameie

Org.nr. 915995896	Navn HEIDA VEL
----------------------	-------------------

Adresse c/o Anlaug Solfrid Varhaugvik	Postnr. 6091	Poststed FOSNAVÅG
---	-----------------	----------------------


Kontaktperson:

Ettersnavn Kvalsund	Fornavn Andreas
------------------------	--------------------

Mobil 90680145	E-postadresse andkvals@online.no
-------------------	-------------------------------------


Erklæring om vedlegg


Alle relevante vedlegg er lastet opp og ev. vedlegg som må ettersendes per post er merket med gnr., bnr. og referanse-id som kommer frem på skjermen når søknaden sendes. Jeg er innforstått med at 3 ukers saksbehandlingstid regnes fra tidspunktet når alle vedleggene er mottatt i kommunen.



Situationskart - Gapahuk Fosnavég
Målestokk 1:5000


Situationskart - Gapaþuk Fosnavág
Málstökk 1:500





SEMA GmbH	
Dorfmühlstraße 7-11 87469 Wildpoldsried Tel.: +49 8304-939-0 Fax.: +49 8304-939-240 E-Mail: sema@sema-soft.de	
RAFTER SYSTEM MARKINGS LEFT 26.11.2015	
BP	Gapahuk
Town	Frei
Customer	Lien
working	jit
S : 1 : 90.00	

SEMA Construction
www.sema-soft.com



SEMA GmbH
 Dorfstr. 7-11
 67469 Wittoborn
 Tel.: +49 6304-939-0 Fax.: +49 6304-939-240
 E-Mail: sema@sema-soft.de

RAFTER SYSTEM MARKINGS LEFT
JOIST SYSTEM MARKINGS LEFT 26.11.2015

BP : Capaluk
 Town : Friel
 Customer : Lien
 working : fl

S : 1:60.00

Timber Construction
 www.sema-soft.com



«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST «POSTSTED»
»

Saksnr 2016/319	Arkiv	Dykkar ref «REF»	Avd /sakshandsamar UTV / EFLÅ	Dato 07.03.2016
--------------------	-------	---------------------	----------------------------------	--------------------

Heida Vel - 34/1 - Gapahuk

Planstatus:

Det vert søkt dispensasjon frå kommuneplanens arealdel – mindre byggetiltak i LNF-område.

Kva føremål vert søkt dispensasjon til:

Oppføring av gapahuk, storleik 42 m2.

Gards- og bruksnummer:

Gnr 34 Bnr 1

Skildring av omsøkte tiltak (volum, utforming, situasjonsskisser):

Gapahuken vert på 42 m2 – den vil ha opning mot Fosnavåg og Runde. Det er inngått ein leigeavtale med grunneigarene for plasseringa av gapahuken – denne er tinglyst.

Andre opplysingar om saka:

Det er i området allereie handsama dispensasjon frå kommuneplanens arealdel med tanke på opparbeidinga av Heid tursti (MTK-sak 48/14 datert 29.04.2014)
Denne gapahuken vert plassert i same området og i tilknytning til Heid tursti del 3.

Kort vurdering jamfør pbl §19-2, andre ledd :

Tiltaket vert vurdert til å vere svært positivt i eit tur, trivsel og Folkehelseperspektiv. Tiltaket vil bidra til at turområdet vert meir tilgjengeleg og at fleire grupper kan nytte friluftsområdet.

Kommunen ber om uttale til saka innan: **06.04.2016**

Vedlegg:

Kopi av tiltakshavar sin søknad og grunngiving med tilhøyrande vedlegg.
Oversynskart/ortofoto som viser tydelig kvar i kommunen tiltaket er lokalisert



BPL

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Regnr. 2016/319	Saksstet.
29 MARS 2016	
Ark kode P	
Ark kode S	
Utt	Utt nr
Kommisjon	

Herøy kommune Oppføring av gapahuk gnr34 bnr1 - Heida Vel Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Velforeninga Heida Vel har søkt om dispensasjon for å setje opp ein gapahuk på 42 m²

Natur- og miljøverninteresser

Det må vere ein føresetnad for tiltaket at gapahuken blir open for alle, og ikkje er eksklusiv for spesielle grupper av innbyggjarar. Under denne føresetnaden har vi ikkje negative merknader til tiltaket.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2015/614
		Arkiv:	40/78

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
27/16	Maritim og teknisk komite	26.04.2016

ÅGE KARLSEN - 40/78 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ FØRESEGNENE TIL KOMMUNEPLANENS AREALDEL VEDR TAKUTFORMING PÅ NAUST

Tilråding:

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i PBL § 19-2 vert gitt dispensasjon frå føresegnene til kommuneplanens arealdel knytt til bygging av naust med anna takform enn saltak, jf punkt 2.16 (AN) pbl §11-9 nr5, på eigedomen gnr40, bnr 78.

Dispensasjonen vert grunngjeven med at tiltaket vil i stor grad vere i samsvar med føresegnene for naust - det er ikkje målbart areal på naustloft og omsøkt takutforming vil på denne eigedomen vere tilpassa den godkjente fritidsbustaden og er såleis med på å skape bygningsmessig harmoni på tomta.

Ein Gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Overhalla hus as, Skogmo, 7863 Overhalla
Åge Karlsen, Solfallet 2, 6060 Hareid

Vedlegg:

- 01 - Søknad om dispensasjon med grunngjeving, 01.04.2016
- 02 - Teikningar av naust + skisse
- 03 - Kart

Saksopplysningar:

Åge Karlsen søker dispensasjon frå føresegnene til kommuneplanens arealdel vedr takutforming naust. Naustet er på eigedomen gnr 40, bnr 78 i Herøy kommune. Karlsen ønsker å føre opp naust med pulttak istadenfor saltak.

Søknaden var innregistrert 01.04.2016 og innsendt av ansvarleg søkjar Overhalla hus as.

Søknaden om dispensasjon er komplett og klar for politisk handsaming i MTK. Med bakgrunn i at tiltaket er i samsvar med føremålet i kommuneplanen og kun gjeld ein mindre bygningsmessig detalj, er saka ikkje sendt på høring.

Vurdering og konklusjon:

Kommunen kan med heimel i plan- og bygningsloven § 19-2 gi dispensasjon frå føresegner i lova eller frå arealbruk fastlagt i kommuneplan.

Pbl § 19-2 sett to vilkår for dispensasjon.

For det fyrste kan dispensasjon ikkje gis dersom omsyna bak plana eller omsyna bak føresegna det dispenserast i frå blir vesentleg satt til side. Det vil normalt ikkje være høve til å gi dispensasjon når omsyna bak føresegna det søkaste dispensasjon frå fortsatt gjer seg gjeldande med styrke.

Det andre vilkåret er at fordelane ved dispensasjonen i tillegg må vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Kommunen må her foreta ei interesseavveging der fordelane med tiltaket vurderas opp mot ulempene.

Etter administrasjonen si vurdering er vilkåra for å gi dispensasjon fullt ut oppfylt i denne saka.

Åge Karlsen har gjennom ansvarleg søkar søkt dispensasjon frå føresegnene til kommuneplanens arealdel. Det er søkt dispensasjon frå punkt 2.16. ledd 6. Tiltakshavar har presentert ein heilskapleg og komplett søknad som syner at den omsøkte endringa vil gi eit meir heilskapleg byggeprosjekt på 40/78.

Konklusjon:

Ein vurderer det til at omsyna bak plana eller omsyna bak føresegna det er søkt dispensasjon frå ikkje blir vesentleg satt til side i denne saka. Ein vurderer det til at det er ein klar overvekt av fordelar i saka og det kan gjevast dispensasjon frå føresegna i kommuneplan som seier at nausttak skal utformast med saltak og ha takvinkel på mellom 30 og 40 grader.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 08.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer



Innsendt: 30.03.2016 17:27

Ref.nr: BINJZD

Herøy kommune

Rådhusgata 5

Postboks 274

6099 Fosnavåg

Telefon: 70 08 13 00

Telefaks: 70 08 13 01

E-post: postmottak@heroy.kommune.no

Hjemmeside: <http://www.heroy.kommune.no>**Tillatelse - søknad om endring av gitt tillatelse**

Eiendom/byggested					
Kommune Herøy			Kommunens saksnr. 2015/614		
Gnr. 40	Bnr. 78	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.
Adresse Nautøya		Postnr. 6070	Poststed Tjørvåg		
Utgitt etter avtale med Direktoratet for byggkvalitet 01.01.2016					

Beskrivelse av endring
Beskriv endring(er) av tiltak (dispensasjoner, areal, plassering, formål, bruk) Vi ønsker å bygge skråtak på naustet i stedet for saltal. Jeg har vært i kontakt med kommunen og fått positive tilbakemeldinger, men må levere begrunnelse og tegninger i målestokk.

Annet
Berører endringen av tiltaket eksisterende eller fremtidige arbeidsplasser slik at det må innhentes nytt samtykke fra Arbeidsilsynet? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
Har tiltaket ansvarlig søker? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei

Vedlegg				
Relevante vedlegg merkes med gruppe og vedleggnr. Gruppe A: 705175 Opplysninger om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjoner Gruppe B: Dispensasjonssøknad (begrunnelse, vedtak, jf. pbl kap. 19) Gruppe C: Nabovarsling (gjenpart, nabomerknader og kommentarer til disse) Gruppe D: Situasjons-/ avkjøringsplan Gruppe E: Tegninger Gruppe F: Redegjørelser, kart Gruppe G: Erklæring om ansvarsrett, gjennomføringsplan Gruppe H: Boligspesifikasjon i Matrikkelen Gruppe I: Uttalelse/vedtak fra annen offentlig myndighet Gruppe J: Rekvisisjon av oppmålingsforretning Gruppe Q: Andre vedlegg				
Gr. B	Nr. 1	Vedlegg Begrunnelse	Last opp vedlegg Begrunnelse.docx	Ev. per post <input type="checkbox"/> Ja
Gr. E	Nr. 2	Vedlegg Tegninger	Last opp vedlegg Tegning.docx	Ev. per post <input type="checkbox"/> Ja
Gr. E	Nr. 3	Vedlegg Tegning i målestokk	Last opp vedlegg	Ev. per post <input checked="" type="checkbox"/> Ja

Tillatelse - søknad om endring av gitt tillatelse

Gr.	Nr.	Vedlegg	Last opp vedlegg	Ev. per post <input type="checkbox"/> Ja
-----	-----	---------	------------------	---

Ansvarlig søker	
Ansvarlig søker for tiltak etter pbl § 20-1	
Org.nr. 980353060	Navn OVERHALLA HUS AS
Kontaktperson:	
Etternavn Karlsen	Fornavn Åge
Telefon 40066639	E-postadresse aage.karlsen66@gmail.com

Etter "Kommuneplane for Herøy 2013 - 2025 Føresegner til kommuneplanen sin arealdel" under PKT

Naust (AN) (jf. Pbl paragraf 11-9 nr 5). Skal naust:

" Naust skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30 -40 grader."

Vi søker med dette og fritak fra dette, og ønsker å bygge naustet i same stil som den moderne hytta som er oppført på eiendommen. Vi mener at det på denne måten vil bli finere å se på og at naustet vil legge seg bedre i terrenget. Totalhøyden vil bli ca. 1 meter lavere enn med saltak. Naustet vil "lene" seg mot hytten og visuelt binde dem sammen og gi et mer helhetlig inntrykk.

Naustet og hytta vil stå mye bedre til hverandre og det vil gi et mer harmonisk bilde for alle som passerer.





Det har blitt mer og mer fokus på at garasjer skal stå i stil med huset den hører til og dette mener vi blir samme sak. Vi vil også presisere at det ikke er snakk om andre fritak eller bruksendringer. Likevel, vil vi få frem at vi ønsker å sette inn stående vindu på begge sider av Nord-vendte hjørne av naustloftet. Dette for å bedre ta igjen stilen på hytta.

Vinduene vil samlet få en lysåpning på 1,2 kvadratmeter. Dette utgjør 2,6% av BRA. (Kraver er: ikke større enn 3% av BRA)

Naustet vil bli i samme fargekombinasjon som hytta. Grått og kvitt med svart tak.


Mvh

Åge Karlsen






MER LIKT
NYTTE STILEN





1:500

10.03.2015



Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

Referatsaker

Referatsaker

Delegerte saker frå avdelingane

DS 86/16 Gnr 5 m.fl - Frådeling av tomter til utbyggingsformål 15.03.2016 00:00:00

Sunnmøre Jordskifterett

DS 87/16 Gnr 76 Bnr 38 - Frådeling av eksisternade nausttomt 15.03.2016

00:00:00 Arnkjell Brandal

DS 88/16 Gudjon Ørn Emilson - 37/387 - garasjebygg 30.03.2016 00:00:00

Gudjon Ørn Emilson

DS 89/16 Sigmund Aksnes - 56/61 og 106 - Garasjebygg 30.03.2016 00:00:00

Sigmund Aksnes

DS 90/16 Herøy kommune 83/18,19 Rammeløyve for oppføring av tilbygg og igangsetjing av grunn- og rivingsarbeid 29.03.2016 00:00:00 Ose

Ingeniørkontor AS

DS 91/16 Vidar Knotten - 35/159 - Tilbygg 15.04.2016 00:00:00 Vidar Knotten

DS 92/16 Torvholmen, Flåvær - Kjartan Spidsberg - 64/4 - Rammeløyve gjenreising av 3 bygg 18.02.2016 00:00:00 Sporstøl Arkitekter as

DS 93/16 Martin Bøe - 16/134 - Garasje 30.03.2016 00:00:00 Martin Bøe

DS 94/16 Jostein Nærø - 24/88 - fasadeendring 30.03.2016 00:00:00 Jostein Nærø

DS 95/16 Ferdigattest 31/112 01.04.2016 00:00:00 Tømrrer Service as

DS 96/16 Tove Ingebrigtsen og Øyvind Steinsvik Paulsen 36/121 - Mellombels bruksløyve 01.04.2016 00:00:00 Tømrrer Service AS

DS 97/16 Herøy kommune 34/84 - Løyve til oppføring av støttemur 01.04.2016 00:00:00 Aurvoll og Furesund AS

DS 98/16 Geir Kleppe - 86/2 - Redskapsbod 01.04.2016 00:00:00 Geir Kleppe

DS 99/16 Marine Harvest Eggesbønes AS 38/285- Løyve til riving av tilbygg og etablering av parkeringsplass 02.03.2016 00:00:00 Aurvoll og Furesund AS

DS 100/16 Westplast AS 25/47 - Igangsetjingsløyve for utlegging av
betongflåte 30.03.2016 00:00:00 CONPLAN AS

DS 101/16 Redningssekskapet - 34/1 - Flytebrygge 11.04.2016 00:00:00
Regionskontor RS Fyrtårn Ålesund

DS 102/16 Herøy kommune 83/18,19 - Igangsetjingsløyve for oppføring av
tilbygg til Leikanger skule 12.04.2016 00:00:00 Ose Ingeniørkontor AS

DS 103/16 Storneset grannelag 56/29 - Løyve til oppføring av gapahuk
11.04.2016 00:00:00 Malin Elise Dypvik

DS 104/16 Per Ola Kleppe - 83/1 - Ombygging/fasadeendring 30.03.2016
00:00:00 Per Ola Kleppe

DS 105/16 Ferdigattest naust i rekke 54/71 06.04.2016 00:00:00 Arkitekt Ivar
Sulebakk

DS 106/16 Ingmar Jøsokbakke 87/4 - Ferdigattest 12.04.2016 00:00:00
Cementprodukt AS

DS 107/16 Lidvar Husøy - 46/82 - Støttemur og terrasse 15.04.2016 00:00:00
B.Tarberg as

DS 108/16 Elisabeth Gigernes - 27/79 - tilbygg 04.04.2016 00:00:00 Elisabeth
Gigernes

DS 109/16 Ferdigattest - 31/188 - heile prosjektet 08.04.2016 00:00:00
Tømrer Service as

DS 110/16 Terje Hungnes - 16/84 - Naust, kai og flytebrygge 11.04.2016
00:00:00 Terje Hungnes

DS 111/16 Ferdigattest rehabilitering skorstein - 37/146 13.04.2016 00:00:00
Cementprodukt as

DS 112/16 Jan Helge Langberg - 81/24 - Garasje 04.04.2016 00:00:00 Jan
Helge Langberg

DS 113/16 Ferdigattest - tilbygg 50/13 13.04.2016 00:00:00 Asplan Viak as